



Notat

Dato: 28.06.2018
Arkivsak: 2014/548-85
Saksbehandlar: gurklyv

Til: Anne Gine Hestetun, fylkesordfører

Frå: Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

Sal av Garnes vgs - Tunesvegen 35 i Arna. Signering av skøyte og sikringsobligasjon.

I sak 113/2016 *Sal av Garnes vgs – Tunesvegen 35* fatta fylkestinget følgjande vedtak den 14.12.2016:

1. Fylkestinget godkjenner sal av eigedomen Tunesvegen 35 på Garnes.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 8.900.000.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

Bakgrunnen for vedtaket om sal var at skulen skulle leggjast ned frå hausten 2017.

Etter at vedtaket var fatta vart eigedomen lagt ut for sal i den opne marknaden gjennom eigedomsmeklarselskapet Fana Sparebank Eiendom AS, som fylkeskommunen har rammeavtale med.

Det var berre Frelsesarmeens Eiendommer AS som gav bod som var «lik eller høgare enn 90 % av prisønske». Bodet var på kr 8.100.000, og bodgjevar tok atterhald om at Bergen kommune ville godkjenne endra bruk av eigedomen frå skulebygg til gatehospital. Bodet vart akseptert av fylkesrådmannen innan fristen, som var 05.07.2017.

Bergen kommune gav slik godkjenning den 15.01.2018. Vedtaket vart påklaga av naboar. Kommunen sitt vedtak vart stadfesta av fylkesmannen den 07.06.2018.

Atterhaldet er såleis oppfylt, og det er avtalt at dato for kjøpar si overtaking av eigedomen er 01.07.2018. Fana Sparebank Eiendom AS vil òg gjennomføre det økonomiske oppgjeret.

Vi har i dag motteke skøyte og sikringsobligasjon, og vi ber om at dokumenta vert signert.

Guro Klyve
Eigedomsavdelinga